

Saksutgreiing:

Det vert søkt om utsleppsløyve for 2 fritidsbustader, gnr 43, bnr. 42 og gnr. 43, bnr. 43 på Ryland.

I samsvar med søknad skal avlaupet reinsast i typegodkjent biologisk/kjemisk minireinseanlegg. Anlegget skal plasserast på gnr. 43, bnr. 43, men vera felles for begge eigedomane. Søkjar har oppgjeve tre alternativ for kor det reinsa avlaupsvatnet vert ført. Alternativ 1 bekk, alternativ 2 terreng, alternativ 3 vatn.

Eigedomen har privat vassforsyning. Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknader.

Vurdering:

Eigedomen ligg i eit område med krav om reinsing av avlaupsvatn i biologisk/kjemisk minireinseanlegg. Det er ikkje mogeleg å føre avlaupet til sjø.

Minireinseanlegget skal ha dokumentasjon som tilfredstillar NS-EN 12566-3 eller tilsvarende standard for reinsegrad, slamproduksjon og gjennomsnittleg slamproduksjon.

Minireinseanlegget skal drivast og vedlikehaldast i samsvar med skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale. Slik avtale skal liggje føre før anlegget vert teke i bruk.

Administrasjonen godkjenner at reinsa avlaupsvatn frå minireinseanlegget vert ført til terreng på eigen tomt (alternativ 2), på bnr. 43.

Det må opprettast avtale mellom brukarane av anlegget om kostnadsdeling, installasjon og vedlikehald av anlegget.

Eigar av utsleppet er ansvarleg for eventuell forureining, jfr. § 7 i forureiningslova.

Utsleppsløysinga det er søkt om, er etter Meland kommune si vurdering i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt i medhald av "Forskrift om begrensing av forureining" sin § 12-5.

VEDTAK

"Meland kommune gjev i medhald av "Forskrift om begrensing av forureining" sin § 12-5, utsleppsløyve for to fritidsbustader, 5 pe, på Ryland, gnr. 43, bnr. 42 og gnr. 43, bnr. 43 i samsvar med søknad stempla motteke 23.08.2013 og på følgjande vilkår:


1. Avlaupet skal gå via typegodkjend biologisk og kjemisk minireinseanlegg, der det reinsa avlaupsvatnet vert ført til terreng på gnr. 43, bnr. 43.
2. Slam frå anlegget skal leverast til godkjend mottak.
3. Det skal opprettast skriftleg serviceavtale med leverandør av minireinseanlegget før anlegget vert teke i bruk.
4. Det må opprettast ein solidarisk avtale om kostnadsdeling, installasjon og vedlikehald av anlegget.

Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Naudsynt løyve må liggje føre før arbeidet tek til.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde.”

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Plan, utbygging og kommunalteknikk


Anny Bastesen
Sektorsjef teknisk


Reidun Iden Lædre
Konsulent

Kopi til:

Knut Thorbjørnsen

